



Møtereferat

Delprosjekt: Brann- og redningstenesta

Møtestad: Nye Sandøy rådhus

Dato: 26.09.2018

Tid: 10:15 – 13:30

Møteleiar: Geir Thorsen

Deltakarar:	Kommune/repr.
Geir Thorsen	Ålesund
Kim Andre Breivik	Sandøy
Nils Kristen Skaar forfall	Haram
Magnar Kvalvik	Skodje
Kjell Arve Lid	Ørskog
Bent Leite forfall	Tillitsvald Nito
Rolf Jarle Ødegård	Tillitsvald Fagforbundet
Michael Werner	HVO
Johnny Stølen	Skrivar

Saksliste:

1. Rapport og nytt mandat for faggruppa
2. Økonomi og vidare arbeid i faggruppa.
3. Sjølvkostområdet feiing og tilsyn.
4. Anna.

Referat og konklusjonar:

	Sak	Ansvar/tidsfrist
	Presentasjon av nytt medlem i Faggruppa. Rolf Jarle Ødegård kjem no inn som nytt medlem i Faggruppa. Tidlegare representant for dei tillitsvalde Bent Leite går no over til rolla som brannsjef Skodje i faggruppa.	
1	Rapport og nytt mandat for faggruppa. Revidert mandat for Faggruppa er utarbeidd. Det vart etter avtale	

	oversendt til prosjektleiar Astrid Eidsvik og ga positiv tilbakemelding på endra mandat. Dette var gått gjennom på møtet.	
2	<p>Økonomi og vidare arbeid i faggruppa.</p> <p>Etter søknad om midlar til faggruppeprosjektet mottok vi 19. sep. 2018 brev om tildeling av kr. 900 000 til bidrag for gjennomføring av prosjektet. Midlane blir overført til Ålesund brannvesen.</p> <p>Det har blitt sendt brev til kommunane Giske, Sula, Stordal, Norddal, Sykkylven, Stranda og Horningdal om dei ynskjer samarbeid med Nye Ålesund innan brannområdet. Frist for tilbakemelding sett til 30.09.18. På møtetidspunktet var det berre Sula som har meldt tilbake at dei ynskjer samtale. Etter møtet har Giske kommune meldt frå at dei vil delta i eit samarbeid innan brannområdet. Etter at frist er gått ut vil det bli gjennomført samtale med aktuelle kommunar. På desse møta skal assisterrande prosjektleiar Synnøve Vasstrand Synnes delta.</p> <p>Arbeid framover vil vere å få gjennomført ROS-analyse Brann for Nye Ålesund. Denne vil danne grunnlag for beredskapsanalyse og førebyggjandeanalyse som då er grunnlag for brannordninga som skal lagast. Det må utarbeidast ei ny matrise for akseptkriterier. Denne skal så handsamast i Fellesnemda Nye Ålesund. For handsaming her er frist for innsending 17. oktober eller 28. november 2018. GT og JS utarbeider ny matrise og førebur sak. Desse samhandlar med innkjøp vedkomande utlysing av arbeid med ROS-analyse.</p> <p>All registrering av bilar, materiell og utstyr må gjennomgåast og vurderast og sak om dette må kome opp i faggruppa. Dette blir då eit grunnlag for bygging av ny organisasjon og dimensjonering.</p>	
3	<p>Sjølvkostområdet feiing og tilsyn.</p> <p>KAB orienterte om prosessen med sjølvkostområda. Det er konsulentfirma Envidan Momentum som er innleigd for å utarbeide forskrift og sjølvkostgrunnlag for feiinga i Nye Ålesund. Dei har:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomført møte med partane. • Oversendt spørsmål til avdelingane. • Konsulent driv fram prosjektet. • Det er sett tidsfrist for gjennomføring. 	
4	<p>Neste møte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oversikt over eksisterande dokumentasjon i kommunane. Skal leggast inn i portalen • Synfaring og studietur. Mulig reise der prosjektet ikkje blir belasta med kostnadane. • Organisering og roller i kommunane. Dokumentasjon av roller, stillingsstorleik, overordna vakt, vaktordningar skal leggast inn i portalen. • Trendar og forventa utvikling innan brannområdet. JS og GT utarbeidar forslag til skriv. • Ordning for arbeidstid. Registrere ordning for arbeidsordning, 	

arbeidstid og løn skal leggest inn kommunevis i portalen.

- Referat frå møta med Sula og Giske
- Kva teneste skal vi tilby Sula og Giske?

Møteplan haust 2018.

23. oktober Haram 08:30 - 14:00

15. november Skodje 08:30 – 14:00

11. desember Ørskog 08:30 – 14:00

Informasjon til tilsette innan brann i kommunane skal gjennomførast slik:

22. oktober Skodje kl 17:00

23. oktober Haram

24. oktober Ørskog kl 17:00

25. oktober Haram

Johnny Stølen 04102018